



MØTEBOK

Høyringsuttale - NOU 2004:26 Heimfall

Utvalgssaknr.:	Utvalg	Møtedato
015/05	Formannskap/økonomiutval	18.02.05

Saksdokument: NOU 2004:26 Heimfall.

SAKSUTGREIING:

Heimfall vil seie at kraftanlegg med vassfall, reguleringsanlegg og kraftverk etter utløp av konsesjonstida vederlagsfritt tilfell staten.

Heimfallsregelverket skil i dag mellom offentlege og andre aktørar ved at berre private/ utanlandske eigarar blir omfatta av tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten.

Offentlege eigarar får evigvarande konsesjonar. ESA har reist spørsmål om dette er i strid med EØS-avtala.

Heimfallsordninga blei innført ved lov fyrste gong av Stortinget i 1909. Føremålet var å sikre eit nasjonalt eigarskap (styring og kontroll) med vasskraftressursane i eit langsiktig perspektiv. Heimfallsordninga har sytt for at 90 prosent av kraftsektoren i dag er eigd av det offentlege. Heimfallsordninga gjev framtidige generasjonar høve til fritt å avgjera korleis desse naturressursane skal nyttast best for samfunnet.

Heimfallsutvalet har ikkje behandla private konsesjonsfrie utbyggingar før 1909 med grunngeving om at det fell utanfor utvalet sitt mandat.

Når fleirtalet i "Heimfallsutvalet" foreslår endringar i heimfallsreglane set utvalet på spel grunnlaget for dagens eigarskap i vasskraftsektoren. Likevel uttalar eit samla utval på side 12 i utgreiinga:

"Vassdragene representerer fornybare og evigvarende ressurser av stor nasjonal verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigste økonomiske utnyttelsen. Vannkraften utgjør 99 prosent av kraftproduksjonen i landet, og er av grunnleggende betydning for verdiskapingen og velferden. Norge har et unikt fortrinn i å utnytte disse naturressursene til kraftproduksjon. For å sikre at vassdragsressursene blir utnyttet på best mulig måte ut fra samfunnets interesser nå og i fremtiden, er det nødvendig med et godt utbygd system av økonomiske og administrative virkemidler."

Fleirtalet i utvalet går inn for at offentlege aktørar blir sidestilt med dei private. Forskjellen i gjeldande heimfallsregelverk mellom offentlege og andre aktørar reduserar den økonomiske verdien av kraftverk for potensielle private oppkjøp og investeringar. Fleirtalet gjer framlegg om at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal utan atterhald få rett til ein eigardel av det heimfalle anlegget eller del av det heimfalle anlegget sin verdi. Det framlegget vil forsterke presset på offentlege eigarar til å selje.

Seljord kommune kan ikkje sjå at fleirtalet har skissera nokon klare mål med dei endringsframlegga som er fremja. Heller kan vi ikkje sjå at fleirtalet har gjeve noko klar utgreiing av dei verknader endringane vil ha t.d. i høve til dei store samfunnverdiane som kraftsektoren forvaltar.

Heimfallsutvalets mindretal (representantane for KS, LVK og LO) har i ein felles uttale i kap 10.4.3 i innstillinga fremja andre forslag til nye heimfallsmodellar. Her blir m.a. uttala det: *"Våre vassdrag og vannkraftproduksjonen for Norge har i seg verdier som rekker langt ut over bedrifts- og samfunnsøkonomiske modeller. (...) Disse medlemmer ser det derfor slik at verken skatte- eller konsesjonsreglene fullt ut ivaretar de sterke samfunnsmessige behov for styring og kontroll som foreligger i vannkraftsektoren. Det offentlige eierskapet har derfor en stor egenverdi. (...) Bare gjennom et omfattende offentlig eierskap kan disse verdiene sikres for senere generasjoner."*

Seljord kommune sluttar seg til desse uttalene og til dei grunngevingar som mindretalet i utvalet har gjeve.

Fleirtalet synes å ha ein noko likegyldig haldning til det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren, jf fylgjande frå s. 142 i utgreiinga: *"Flertallets forslag til fremtidig hjemfallsregime kan likevel innebære økt privat eierandel i kraftsektoren. (...) En eventuell økning av utlendingers eierandel i norsk kraftnæring vil derfor reflektere en allmenn utvikling med sterk vekst i grensekryssende investeringer."*

Dagens offentlege eigarskap er delt mellom staten med 50 % gjennom Statkraft AS og kommunale og fylkeskommunale eigarar med om lag 40 %.

Seljord kommune har ein eigardel på 19 % i Vest-Telemark Kraftlag AS. VTK eig 67 % av Skafså kraftverk og 8,5 % av Sundsbarm kraftverk samt at kommunen er utbyggingskommune (Sundsbarm kraftverk og Grunnåi kraftverk).

Seljord kommune meiner at spreidd offentlig eigarskap av kraftressursane har mange positive sider. Ei framtidig heimfallsordning bør gje grunnlag for å vidareføre dette.

Fleirtalet i utvalet gjer framlegg om at konsesjonæren på heimfalltidspunktet skal gjevast ein rett til ein del i det heimfalle anlegget. Framlegget skal m.a. tilgodesjå dei offentlege eigarane som ynskjer å selje ved at *"dersom en offentlig eier ikke lenger ønsker å drive med kraftproduksjon vil salgssummen forventes å reflektere den fremtidige konsesjonærens rettigheter ved hjemfallet"*.

Dette framlegget vil forsterke det salspresset som alt ligg i fleirtalet sitt framlegg. Seljord kommune er negativ til det.

Frå media er ein kjent med at utanlandske kraftføretak er svært interessert i å kjøpe seg inn norske vasskraftanlegg. Fleirtalet sitt framlegg vil gje desse evigvarande rettar til vasskraftressursar.

Eit fleirtal i utvalet går inn for at alle vasskraftverk får heimfall til staten 75 år etter at lova er trådd i kraft (lovtidspunktmodellen). Det vil seie at private konsesjonærar får ei forlenging av konsesjonstida opp til 50 – 60 år, medan dei offentlege eigarane blir fråteke sitt evigvarande eigarskap. Mindretal gjer primært framlegg om ein modell som inneber heimfall etter 60 år. Denne modellen skal og gjelde offentlig eigde kraftverk, men berre dersom dei i mellomtida blir selde (transaksjonsmodellen). Like tilhøve for alle bør kunne tilfredsstille ESA meiner mindretalet.

Dersom slik løysing ikkje tilfredsstiller ESA, tilrår mindretalet at det blir heimfall for alle etter 60 år, og at eigaren då får 45 % av verdien, men berre dersom han er den opprinnelege eigaren (rettighetsmodellen).

Om utforming av transaksjonsmodellen seier mindretalet under kap. 10.4.3 pkt. 2.1.1.a m.a.:
"Transaksjonsmodellen går i korthet ut på at enhver kjøper underkastes vilkår om hjemfall for vannfall kjøpt etter lovendringen, enten det skjer ved direkte kjøp av vannfall eller indirekte kjøp av vassfall gjennom erverv av selskap som igjen eier vannfall.

Denne likestillingen mellom kjøpere gjelder uavhengig av om kjøperen er en kommune, fylkeskommune og selskap eid av forannevnte eller staten, eller privat eller utlending.

For offentlige eiere som i dag har evigvarende konsesjoner, innebærer transaksjonsmodellen at de evigvarende konsesjoner videreføres inntil det gjennomføres en konsesjonspliktig transaksjon. (...) Offentlige eiere vil med andre ord etter transaksjonsmodellen fortsette å være unntatt vilkår for hjemfall inntil de selv velger å foreta seg noe."

Heile utvalet går inn for reglar som gjev større marknadsopning enn dagens reglar. Seljord kommune meiner derfor at det då er endå viktigare med eit robust og reelt heimfallsinstitutt. For å behalde eit tungt offentlig eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt, støttar Seljord kommune mindretalet sitt framlegg (transaksjonsmodellen).

RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Seljord kommune gjev fylgjande uttale til NOU 2004:26 Hjemfall:

Vasskraft som energikjelde vil ha stor nasjonal verdi også i framtida. Seljord kommune er samd i utvalet si uttale på s. 12 i innstillinga.

Seljord kommune sluttar seg dei synspunkt mindretalet (KS, LO og LVK) har i utvalet.

Heimfall er langsiktig kontroll med den viktigaste naturressursen Noreg har. Reglane for heimfall må leggje avgjerande vekt på nasjonalt eigarskap og kontroll. Det er viktig for at Noreg kan føre ein nasjonal energipolitikk.

Vasskraft er svært miljøvenleg energi, men det kan vera negative sider for miljøet. Dei negative sidene råkar serleg utbyggingskommunane. Det er viktig å ta omsyn til ved utforming av framtidige reglar for heimfall.

Det synest ikkje vera sterke argument for å endre konsesjonstida frå dagens 60 år.

Heile utvalet går inn for reglar som gjev større marknadsopning enn dagens reglar. Seljord kommune meiner derfor at det då er endå viktigare med eit robust og reelt heimfallsinstitutt. For å behalde eit tungt offentlig eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt, støttar Seljord kommune mindretalet sitt framlegg om transaksjonsmodellen, jf. kap. 9.3.2.3 og kap 10.4.3 i innstillinga.

Før regjeringa fremjar framlegg om nye konsesjonslover for behandling i Stortinget, må dei juridiske tilhøva i høve EØS-avtala vera utgreidd.

Behandling og avrøysting for saka til møte i Formannskap/økonomiutval - 18.02.2005:
Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 18.02.2005:

Vasskraft som energikjelde vil ha stor nasjonal verdi også i framtida. Seljord kommune er samd i utvalet si uttale på s. 12 i innstillinga.

Seljord kommune sluttar seg dei synspunkt mindretalet (KS, LO og LVK) har i utvalet.

Heimfall er langsiktig kontroll med den viktigaste naturressursen Noreg har. Reglane for heimfall må leggje avgjerande vekt på nasjonalt eigarskap og kontroll. Det er viktig for at Noreg kan føre ein nasjonal energipolitikk.

Vasskraft er svært miljøvenleg energi, men det kan vera negative sider for miljøet. Dei negative sidene råkar serleg utbyggingskommunane. Det er viktig å ta omsyn til ved utforming av framtidige reglar for heimfall.

Det synest ikkje vera sterke argument for å endre konsesjonstida frå dagens 60 år.

Heile utvalet går inn for reglar som gjev større marknadsopning enn dagens reglar. Seljord kommune meiner derfor at det då er endå viktigare med eit robust og reelt heimfallsinstitutt. For å behalde eit tungt offentleg eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt, støttar Seljord kommune mindretalet sitt framlegg om transaksjonsmodellen, jf. kap. 9.3.2.3 og kap 10.4.3 i innstillinga.

Før regjeringa fremjar framlegg om nye konsesjonslover for behandling i Stortinget, må dei juridiske tilhøva i høve EØS-avtala vera utgreidd.

Utskrift til:

Olje- og energidepartementet Postboks 8148 Dep. 0033 OSLO